

► Renovasjonsteknisk plan for Langevåg sentrum

Samandrag/konklusjon

Ved framtidig utbygging av områder må ein vurdere avfallsløysing. Der renovasjonsløysing ikkje er avklart gjennom områdeplan skal det ved detaljregulering/søknad om byggetiltak følgje med ein renovasjonsteknisk plan for tiltaket, som også syner samanhengen med tilgrensande områder.

Som hovudløysing ønskjer ein å ha nedgravde avfallsbrønner der ein har meir enn 35 bueiningar. Det er mange fordelar med avfallsbrønner, blant anna mindre lukt, mindre plassbehov, meir estetisk, meir brannsikkert etc. Også for mindre utbyggingar kan nedgravde løysingar vere aktuelt, men dunkløysing kan akseptrast. For nokre område vil det vere aktuelt å plassere dunkar på felles areal avsett i områdeplan for Langevåg sentrum, i seinare utarbeidde detaljreguleringar eller på område fastsett i byggesøknad.

1	2019-10-03	Oversending for politisk handsaming	MirKva	SiKSu	SiKSu
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

1 Innleiing

Denne renovasjonstekniske planen tek for seg Langevåg sentrum i Sula kommune, og er gjort juridisk bindande ved godkjenning av *Områdeplan for Langevåg sentrum*. Føringer i denne plan samsvarar med krav frå forskrift om hushaldsavfall og slam i Ålesundsregionen, Sula kommune, Møre og Romsdal. Løysingar i renovasjonsteknisk plan gjeld ved nyutbygging av område avsett i områdeplan. Planen er utarbeidd i samarbeid med Sula kommune, ÅRIM og Norconsult som rådgjevar.

2 Generell del

Langevåg sentrum har eit lite og kompakt sentrumsområde, i tillegg til spreidd bustadbygging med både einebustadar og fleirmannsbustader. I framtidig plan legg ein opp til fortetting på ein del av desse areala.

Mange av områda er regulert til sentrumsføremål som har ein fleksibilitet i kva funksjonar som skal inngå. Behovet for renovasjon er dermed uvisst. Dersom renovasjonsløyising ikkje er avklart gjennom områdeplanen skal det ved detaljregulering/ søknad om byggetiltak følgje med ein renovasjonsteknisk plan for tiltaket, som også syner samanhengen med tilgrensande områder. For utbygging som omfattar bustadar skal planen sendast til ÅRIM for kommentar. Det er tatt utgangspunkt i at ein ideelt sett skal ha maks 75 meter til sitt renovasjonspunkt (maks 100 m), og at øvrige renovasjonstekniske krav er oppfylt.

2.1 Hovudløyising for handtering av avfall

Hovudløyising for handtering av avfall er avhengig av kor mange bueiningar ein planlegg renovasjon for. I denne planen er det undersøkt kva områder ein kan sjå på i samanheng, og kva som er beste løyising for kvart område. Under kan ein sjå tabell som synar ÅRIM si tilråding for avfallsløyising avhengig av tal på bueiningar.

Tabell 1: Bueiningar og type oppsamlingsløyising (ÅRIM)

Bueiningar	Størrelse/type oppsamlingsløyising
2-35 bueiningar	Større dunkar, opp til 660 liter
25 – 35 bueiningar	Bakkekonteinarar/dunkar pr. bueining
Over 35 bueiningar	Avfallsbrønnar/dunkar pr. bueining
Over 200 bueiningar	Stasjonært avfallssug/dunkar pr. bueining.

Ein ønskjer så langt det er mogleg å etablere moderne avfallsløyisingar i Langevåg. Ved ny utbygging ønskjer ein difor å etablere renovasjonsanlegg med avfallsbrønnar der det er grunnlag for dette. Avfallsbrønnar er ei renovasjonsløyising der oppsamlingseiningar heilt eller delvis ligg under bakkenivå. Avfallsbrønnar tek mindre plass og er meir estetiske enn dunkar, det gir betre brannsikkerheit, universell utforming, mindre lukt og treng sjeldnare tømning, noko som gir mindre trafikk med renovasjonsbil. Løyisinga er søknadspliktig etter plan og bygningslova § 20-1.

Felles avfallsløyising skal etablerast for fleire arealbruksområde der forholda ligg til rette for det. Busetnad med fleire typar arealbruk, til dømes bustad/næring, skal ha felles løyising. Der det ikkje er mogleg med nedgravde avfallsbrønnar blir det lagt opp til ulike variantar av dunkløyisingar. For kvart renovasjonspunkt blir det løyising for handtering av restavfall, papir/papp, plast, glas- og metall, og matavfall. Der det ikkje er eit alternativ med avfallsbrønnar, men der er mange bueiningar (25-35 stik) er bakkekonteinar ei løyising som kan vurderast i staden for dunkløyising.

2.2 Plandokument

Områdeplan for Langevåg sentrum syner nokre områder som er satt av til renovasjon. Følgande føresegn for renovasjon gjeld for heile planområdet:

§2.5. Renovasjon

Renovasjon skal etablerast i samsvar med renovasjonsteknisk plan vedlagt denne planen eller renovasjonstekniske planar som er utarbeidde ved seinare godkjende detaljreguleringsplanar eller utbyggingsavtalar.

Denne renovasjonsplanen er juridisk bindande og er eit vedlegg til *Områdeplan for Langevåg sentrum*. Renovasjonsteknisk plan gir føringar for kva løysing som skal nyttast for ulike område. Område som ikkje er omtala vil dersom ikkje anna vert bestemt i samband med byggesøknader kunne halde fram med den renovasjonsløysinga som området har i dag.

3 Teknisk del

Denne delen tek for seg det tekniske aspektet av renovasjon for Langevåg sentrum. Krava er i samsvar med renovasjonsnorm frå ÅRIM, slik denne føreligg no. Reguleringsplan for Langevåg legg opp til både næringsareal og bustadar. Talet på husstandar er ikkje avklart gjennom planen, men rammene som er satt gjer at ein for delar av områder kan gjere eit anslag. For område der det skal utarbeidast renovasjonsteknisk plan i forbindelse med detaljregulering/søknad om byggetiltak skal denne innehalde følgjande informasjon:


- Tal på bueiningar
- Detaljutforming av avfallsløysing
- Tilkomst og oppstillingsplass for renovasjonsbil
- Ev. anna informasjon ÅRIM treng

3.1 Vegstandard

Vegar som skal nyttast til renovasjon bør oppfylle krav tilsvarande bruksklasse 10:

- Fast underlag med minst 10 cm grusdekke og tilnærma horisontalt tverrprofil.
- Minste breidde (på fast underlag): 3,0 m pluss skulderbreidde 0,5 m på kvar side.
- Minste svingradius: 7,5 m pluss skulderbreidde 0,5 m på kvar side.
- Fri høgde: 4,0 meter. Ved bruk av avfallsbrønner er kravet til fri høgde minst 12,0 m.
- Stigning: Maksimalt 1:10.
- Kapasitet til aksestrykk på 10 tonn.

Vegane skal vere slik at bilen ikkje treng å rygge. Der dette ikkje er mogleg skal det vere ein vendehammar eller snuplass, som vist i ÅRIM si komande renovasjonsnorm i figur 1 under.



Figur 1: Krav til snuplass eller vendehammar ved oppstillingsplass (ÅRIM)

3.2 **Universell utforming for oppstillingsplass**

Oppsamlingsplass for avfall skal plasserast synleg, ha trinnfri tilkomst og vere lett tilgjengeleg.

3.2.1 Krav til standplass for tøming med kranbil (fellesrenovasjon)

- Avstand frå bueining til standplass for felles avfallssystem bør som hovudregel ikkje overstige 100 m. Ønskeleg å halde maksimalt 75 m.
- Gangvegen fram til standplassen bør vere fri for hindringar som fortauskantar, tersklar og liknande; overgangar bør vere nivåfrie.
- Stigningsforholdet bør ikkje vere over 1:20 (5%).
- Avfallssystemet skal ha gode kontrastforhold til omgjevnadene, slik at det er lett å sjå for svaksynte, innkastluker skal ha ein luminanskontrast på minst 0,4 i forhold til bakgrunnen.
- Ved oppsamlingseiningar plassert i avfallsrom skal tilkomsten vere terskelfri, eventuelle dører skal vere sjølvluukkande og lette å sette i open stilling. I tillegg skal ikkje dørvender og lysbrytaren plasserast for høgt.


3.2.2 Norsk Standard krav til oppsamlingseiningar

- Ein rullestolbrukar skal kome inntil og betene innkastluker. Dette skal ha innkasthøgde på mellom 0,8 m og 1,1 m.
- Tunge lokk (med en betjeningskraft over 20 N) er uønska.
- Det må sikrast tilstrekkeleg plass mellom og rundt oppsamlingseiningar eller innkastsøyler, fri avstand skal vere minst 0,9 m.
- Framfor innkastlukene bør det vere eit plant areal på minst 1,5 m breidde med minimalt fall for avrenning av overvatn.

3.3 **Nedgravd avfallsløysing**


Nedanfor vil ein liste opp teknisk informasjon om nedgravd avfallsløysing, for å ytterlegare detaljere ta kontakt med ÅRIM for renovasjonsteknisk norm.

- Eit komplett sett på 4 brønner krev om lag 17 m² overflateareal til sjølve utstyret. I tillegg kjem areal for tilkomst og avstandskrav til andre konstruksjonar.
- Under bakken krev avfallsbrønner ei djupne på 3 meter og breidde på 1,7 x1,7 meter.
- Betongfundamenta har inga særskilte krav til grunnforhold, og kan plasserast i berg eller anna fast grunn.



Figur 2. Arealbehov og avstandskrav for avfallsbrønner (ÅRIM).

- Fri løftehøgde, min. 12 meter.
- Ytterkanten av avfallsbrønnene skal plasserast minimum 3 meter frå vegg eller andre konstruksjonar som kan skadast under tømning av avfallsbrønnene.
- Krokfestet på avfallsbrønnene bør maksimalt vere 3 meter frå køyrbar veg, absolutt grense er 5 meter.
- Tilrådd avstand frå hovudinggang til avfallsbrønner bør ikkje vere over 75 meter.
- Avfallsbrønner bør plasserast minimum 5 meter frå soverom, luftinntak til opphaldsrom eller mykje nytta uteplassar.
- Det må utarbeidast ein plan for drenering.



Figur 3. Plassering av nedgravd konteiner og kranbil (ÅRIM).

4 Skildring av avfallsløysingar for ulike areal

Areal som er avsett til renovasjon er vist som eige føremål i områdeplanen.

4.1 Større dunkar, opptil 660 liter.


I bustadområde utanfor sentrum vil det bli lagt opp til bruk av tradisjonelle behaldarar. Der det er mogleg ønskjer ein å etablere felles oppsamlingspunkt for avfallsbeholdarar. Tabellen under viser ei oversikt over kvar ein legg opp til slike løysingar.

Tabell 2: Område i områdeplan som ein tenkjer seg skal ha dunkløysing.

Planområde	Kommentar/løysing
BFS1 og BFS2 og BKS2	Fellespunkt for dunkhandtering, vist som BRE1 i reguleringsplan.
BFS3	Dunkhandtering som i dag.
BFS4	Dunkhandtering som i dag.
BFS5	Dunkhandtering som i dag.
BOP1	Dunkhandtering som i dag. Mogleg løysing med nedgravd avfallsbrønnar, men ikkje eit krav.
o_BOP2	Dunkhandtering som i dag. Mogleg løysing med nedgravd avfallsbrønnar, men ikkje eit krav.
o_BOP3	Dunkhandtering som i dag. Mogleg løysing med nedgravd avfallsbrønnar, men ikkje eit krav.
O_BR	Dunkhandtering som i dag. Mogleg løysing med nedgravd avfallsbrønnar, men ikkje eit krav.
BKS3	Dunkhandtering som i dag.
BKS4	Dunkhandtering som i dag.
BKS6	Dunkhandtering som i dag.
BKS8	Dunkhandtering som i dag.
BKS9, BKS10	Fellespunkt for dunkhandtering vist som BRE3 i reguleringsplan.
BKS11	Fellespunkt for dunkhandtering vist som BRE8 i reguleringsplan.
BKS12	Dunkhandtering som i dag.
BKS13 med avkjørsel til o_SKV23 og BB3	Dunkhandtering som i dag. Ved utbygging må fellespunkt for renovasjon lokaliserast.
BKS14, del av BKS13 som har avkjørsel til SKV25	Fellespunkt for dunkhandtering, vist som BRE9 i reguleringsplan.
LL	Dunkhandtering som i dag.
BKB1	Dunkhandtering som i dag.

4.2 Nedgravd avfallsløysing

Bygningar med fleire typar arealbruk, til dømes bustad/næring, skal ha felles løysing. Ved etablering av nedgravd avfallsløysing må ein følgje krav frå formingsrettleiaren. Føresegningsområde #1 vist i figur 4 syner det som er definert som sentrumsområde. Her ønskjer ein i hovudsak nedgravde avfallsbrønner.



Figur 4. Føresegningsområde #1.

Tabell 3: Planlagt område innanfor føresegningsområde #1 som skal ha nedgravde avfallsbrønner.

Planområde	Kommentar/løysing
BS1, BS2, BS3	Krav om detaljregulering
BS4, BS5	Krav om felles nedgravde avfallsbrønner
BS6	Krav om detaljregulering
BS10	Ved utbygging, krav om nedgravde avfallsbrønner på område BRE4
BS11 og BS12	Krav om felles nedgravde avfallsbrønner, skal etablerast på areal for gategaten, o_SGT.
BS13, BS14, BS15	Krav om felles nedgravde avfallsbrønner på område BRE7
BS16 og BS17	Krav om felles nedgravde avfallsbrønner på område BRE6
o_BOP4	Krav om nedgravde avfallsbrønner
o_BKB2	Krav om nedgravde avfallsbrønner

Det er også områder utanfor føresegningsområde #1 der det er krav om nedgravde avfallsbrønner. Desse områda er opplista i tabell 4 under.

Tabell 4: Øvrige områder i plan planlagt med nedgravde avfallsbrønner.

Planområde	Kommentar/løysing
BKS1	Krav om felles nedgravde avfallsbrønner på område BRE1 ved utbygging av området.
BBB3 og BKS13 med avkjørsel til o_SKV23	Dersom det blir over 35 bueiningar her er det krav om nedgravde avfallsbrønner.
BBB2	Krav om detaljregulering. Dersom det blir over 35 bueiningar her er det krav om nedgravde avfallsbrønner.

4.3 Sentrumsløysing

For sentrum ønskjer ein lukka løysing for gaterrenovasjon. På grunn av erfaringar med lav kvalitet ved sortering legg ein ikkje opp til sortering av avfall her. Formingsretteleiar stiller krav til at det skal nyttast Big Belly 190 liter eller tilsvarende.

4.4 Øvrige område

4.4.1 Småbåtanlegg

Småbåtanlegg innanfor planområdet er følgande: BBS1, BBS2, BBS3, BBS4, o_VS1 og o_VS2.

Sula kommune har eigne avfallsplanar for småbåtanlegg/småbåthamn. Desse er utarbeid i samråd med hamneansvarlig i samsvar med forureiningsforskrifta DEL II §20 – 6, første avsnitt.

Ålesundsregionenens Havnevesen har eigne avfallsplanar for offentlege havneanlegg. Dette vil vere gjeldande for område SK.

4.4.2 Badestrand

Løysing som for sentrumsområde, lukka løysing for gater renovasjon.

4.4.3 Naust

BUN1 og BUN2 er regulert for naust og omfattar eksisterande naust. Det kan vere renovasjonsplikt på naust etter §3, andre ledd i forskrift om hushaldsavfall og slam i Ålesundsregionen, Sula kommune då naust kan bli rekna som fritidsbustad. For plikt til abonnenten gjeld §7 (h)

Når det gjeld hushaldsavfall frå hytter, stølar og andre fritidseigedomar i område der ÅRIM har utplassert oppsamlingseining for hytteavfall, må den enkelte abonnenten sjølv syte for å bringe avfallet til desse. Avfallet må vere forsvarleg emballert. Er det ikkje plass til avfallet i oppsamlingseininga, må abonnenten ta med seg avfallet attende eller finne ein annan oppsamlingseining med ledig plass. I område der ÅRIM ikkje har utplassert oppsamlingseiningar for hytteavfall, kan abonnentane få utlevert sekkar der gebyr for innsamling og behandling er inkludert. Desse sekkane må plasserast slik at renovatøren kan ta dei med ved ordinær avfallstømming.

Fritak frå gebyrplikta kan søkjast etter §20.

4.4.4 Øvrige områder

Det er nokre områder som ikkje har blitt skildra i øvrige tabellar. Dei blir forklart nærare i tabell under her:

Tabell 5. Løysing for resterande områder.

Planområde	Kommentar/løysing
O_BOP5, BS7	Krav om felles planlegging i detaljregulering
BS8	Krav om detaljregulering
BS9	Ved utbygging av 50% bustad må renovasjonsløysing vurderast.
BKS16	Krav om vurdering av felles avfallsløysing ved byggetiltak.
BKS15	Avfallsløysing som i dag.
BBB4	Avfallsløysing som i dag.